

REFERAT AV TELEFONSAMTALE MED BKK

Dato: 10.11.2021

Landstraum til brønnbåtar

Det må bero på ei misforståing at BKK ikkje kan levere straum til straumkrevjande tiltak i Søndre del av Masfjorden og Kvingo, slik Mowi skriv.

Dette ville elles vere sjokkerande opplysningar som ville innebere at all industriell nyutvikling – og utviding av eksisterande anlegg – på Sørsida og også Indrefjorden måtte leggjast bort grunna manglande kapasitet for straumoverføring innanfor straumkommunen Masfjorden.

Vi har i dag – 10.11.2021 – vore i kontakt med BKK for å få opplyst om det er spesielle forhold ved nettkapasiteten som gjer det problematisk å bruke landstraum til brønnbåtar som lastar fisk ved Mowi sitt anlegg i Skutevika. Dette ville vere eit miljøtiltak som verkeleg monnar, samstundes som det reduserer forureining ut i sjøen og støy for dei som bur ved Åbakkevika.

Teknisk installatør Raymond Knarvik ved installatøravdelinga hos BKK opplyser at det er kapasitet nok ved den 400 volts trafoen som står like ved anlegget, til eit slikt tiltak, og at landstraum til fartøy kan hentast anten direkte frå denne trafoen, eller gå via målaren inne i anlegget. At det ikkje er spesielle forhold som skulle gjere det vanskeleg med landstraum til brønnbåtar, er elles bekrefta både av Olav Hermannsen ved installatøravdelinga hos BKK, og av Jan Erik ved Fjordkraft/Bedrift.

Dei andre prosjekta ved anlegget som måtte krevje straum, er ikkje spesifiserte av Mowi, og sidan dei heller ikkje berører landstraumproblematikken til brønnbåtar, høyrer dei ikkje heime her.

Dette til orientering.

Helsing naboane ved Åbakkevika